

Barnehagane i Uskedalen opnar i neste veke, men med redusert drift.

15.04.2020



Uskedal Barnehage opnar måndag 20. april.

Uskedal Barnehage og Dønhaug Gardsbarnehage opnar for mottak av born frå neste veke. Det vert ei redusert drift med mange tiltak for å ivareta smittevernreglane og retningslinjer nedfelt i vegleiinga frå regjeringa. Det vert gjort lokale tilpassingar. Den kommunale barnehagen opnar tysdag 21. april. Dagleg opningstid vert frå kl. 08.00 til kl. 15.30.

I barnehage rettleiinga er det nedfelt tre hovudkrav. I tillegg kjem ei rekkje påbod og tilrådingar.

1. God hand- og hostehygiene
2. Faste grupper med krav om antal born pr. vaksen
3. Sjuke born eller born med luftsvogplager skal vera heime.

Dønhaug Barnehage opnar gradvis frå måndag 20. april og brukar tida fram til 27. april før alt er på plass. Personalet har vore samla for å førebu oppstarten slik det er skildra i vegleiinga.

Uskedal Barnehage har sendt alle foreldra eit detaljert og fyldig informasjonsskriv med alt som vert gjort for å leggja til rette for ein trygg og god barnehage. Opninga er som sagt tysdag 21. april. Redusert opning vil sei at den daglege opningstida er 7,5 time, frå kl. 08.00 til kl. 15.30.

Rettleiinga legg føringar for drifta, mellom anna om antal born pr. vaksen. Frå 0 - 3 år skal det vera tre born på ein vaksen. Frå fire år og oppover skal det vera seks born pr. vaksen. I rettleiinga er også sagt noko om bruk av areal og rom, leiker, måltid, pausar og avstand mellom dei som jobbar i barnehagen.



[Dønhaug Barnehage er klar for åpning.](#)

Det er opp til foreldra om ein vil bruka barnehagetilbodet i perioden fram til normal drift.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal